



Fløssvika Utvikling AS  
Alvervegen 25  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/3655 - 19/208

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
08.01.2019

## Førebels svar med krav om tilleggskommunikasjon - gbnr 195/235 Leiknes

**Tiltak:** Anleggseigedom  
**Byggjestad:** Gbnr 195/235  
**Tiltakshavar:** Fløssvika Utvikling AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om etablering av anleggseigedom på gbnr 195/235 den 29.11.2018.

### **Mottakskontroll**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Det er ikkje nytta standard søknadsskjema ved innsending av søknaden. Bruk av skjemaet vil sikra at søknaden vert tilstrekkeleg opplyst. Kommunen har lagt søknadsskjema ved slik at dette kan nyttast om ønskjeleg.

### Signatur

Anleggseigedomen skal delast frå gbnr 195/235 som Fløssvika utvikling AS eig. Der heimelshavar er eit føretak må det leggast fram attest frå føretaket som ikkje er eldre enn 3 månadar. Søknaden må signerast og firmaattest må dokumenterast.

### Nabovarsel

Nabovarsling er gjennomført ved rekommandert sending den 28.11.2018. Søknaden er journalført mottatt 29.11.2018 og før nabofristen er ute. Det må gjerast greie for om det ligg føre nabomerknader.

### Areal

Anleggseigedomen omfattar garasje som er godkjend etablert i vedtak datert 04.07.2015, jf arkivsak 18/1283. Det ligg ikkje føre målsatt situasjonsplan. Eigedomsgrensene for den nye parsellen skal følgja den godkjende konstruksjonen.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.02.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Skjema deling, arealoverføring mm

### **Mottakarar:**

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND